
Fra: Aud Sølvi Fosse Drengenes <terjedre@online.no>
Sendt: tirsdag 4. juni 2019 18.30
Til: Postmottak Meland; Marius Flemmen Knudsen
Kopi: even.oyri@vestskog.no; vidar.jordre@vestskog.no
Emne: Hogs på g.nr. 25 b.nr. 11 og 16 - Forynglingsplikt etter hogst

Til Meland kommune
skog-og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen

Viser til Dykkar brev datert 14.05.2019 om forynglingsplikt etter hogst.

Vestskog tok ut skog på b.nr. 11 og 16 i 2016 og 2017, men arbeidet vart ikkje avslutta. Vestskog sin entreprenøren tok berre ut den skogen som var lettast å komme til og let resten stå att. Stokkar vart og felt utan at dei vart tatt ut. Det har vore fleire synfaringar med Vestskog, men då to skogbruksleiarar som var på saka slutta har ikkje hogst og opprydding vorte ferdig utført.

Som andelseigar i Vestskog har vi tinga skogbruksplan og bede om pris på utplanting. Uttak av skog og opprydding bør gjerast før ein utfører planting.

No har vi fått den fjerde kontaktpersonen i Vestskog, som har lova at uttak av skog og opprydding skal skje sommaren 2019. Det bør vere tørt vær for å kunne køyre ut frå den søre teigen på b.nr. 11 for å unngå skader på vegar og plassar. Her skal det komme utbyggingsområde tett innpå, og det er samstundes viktig å ta ut skogen medan det enno er tilkomst.

Sidan uttak av skog ikkje er avslutta ber vi om utsett frist med å sende inn eigenmeldingsskjema og ynskjer ei tilbakemelding på det.

Venleg helsing

Aud Sølvi Fosse og Terje Drengenes